

Uskedelingen, professor Jørn Øyrehagen Sunde er å finna på to stader i eit ambisiøst kulturprogram for Baroniet i sesongen som no kjem.

28. juni skal han halda foredrag saman med dr. philos Bård Frydenlund i Borgstovo og temaet er Karen Moweatt og Ludvig Rosenkrantz 350-årsjubileum. (1658/2008). Heilt i enden av sesongen, 6. september, kjem Øyrehagen Sunde att som deltakar i eit historisk seminar.

I det svært imponerende programmet finn ein ellers namn som Leif Ove Andsnes, Solveig Kringlebotn, Randi Stene, Theatre Set-Up, Herborg Kråkevik, Kjell Arild Pollestad, Sondre Lerche, Ketil Bjørnstad, Susanne Sundfør, Thomas Hylland Eriksen, Anne Grete Preus, Håvard Gimse, Øyvind Gimse, Karoline Krüger, Sigvart Dagsland, prinsesse Märthe Louise, Kari Bremnes og Magne Malmanger.

Rosendal Songlag skal feira sitt 100-årsjubileum md konsert i Baroniet 22. juni.